

Mykje ikkje avklart om sentralt prosjekt

06.10.2011

Saksbehandlar Jon Harald Kjærland har skreve eit relativt kritisk brev til Byggkonsulenten ved Asbjørn Sæle på Valen i samband med prosjektet til Kvinnherad Vekstbedrift (tidlegare AFA) som firmaet hans er prosjektleiari for sentralt i Uskedalen.. Kjærland sluttar brevet med å antyda at tiltakets kompleksitet synest i overkant av kva firmaet er kvalifisert til.

Søknaden om nærings- og bustadbygg stiller framleis mange spørsmål som det er naudsynt å få avklart, skriv sakshandsamaren. Han slår fast at tiltaket er krevjande og påpeikar at ansvarleg søkjar og prosjekterande foretak ikkje har sentral godkjenning.

Søknaden med teikningar visar at tiltaket framleis ikkje fagleg eller teknisk er løyst etter gjeldande plan- og bygningslov med forskrifter og gjeldande reguleringsføresegner i planen for Uskedalen sentrum.

Dette gjeld etasjetal, romhøgder, tilkomst til bygningen, utomhusplan/logistikk i høve til næringsdel og bustaddel, snitteikning med overgang til naborom, byggets plassering med vidare. Mellometasje manglar planteikning og det er ikkje dokumentert tillknytningsløyve til vatn og kloakk.

Søknaden blir ikkje teken til handsaming av desse grunnane, opplysar Kjærland.

Av Ola Matti Mathisen